



Lars-Fredrik Sæthre
Skarsvegen 291
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/280 - 17/10931

Saksbehandlar:
Tone Margrethe Berland Furustøl
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:
06.04.2017

Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 145/26 Fosse indre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om dispensasjon 23.01.2017.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Garasjen skal visast på situasjonsplanen og påførast ytra mål. Både garasjen og avstand til naboar skal visast. Størrelsen på garasjen som inkluderer både BRA (bruksareal) og BYA (bebygd areal) må opplysast for å kunne vurdere dispensasjon frå kommuneplanen pkt. 2.14:

2.14 Det kan utan reguleringsplan gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på eksisterande bustadeigedomar når samla utbygging er innafør dei grensene som er fastsett nedanfor. Det vert ikkje opna nye bueiningar eller næringsbygg på eigedomen. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m². Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m² for bygging av frittstående garasje. Etter utbygging skal det vere igjen eit minste uteopphaldsareal (MUA) på 200 m² per hovudbueining. Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng. Det kan gjevast løyve til tilleggsareal opptil 200 m² etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan, dersom dette ikkje er til hinder for framtidig regulering. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 1.

Situasjonskart frå Lindås kommune er lagt ved dette skriv.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 28.04.2017**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.



Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Etter en foreløpig vurdering, så er vi positive til oppføring av garasje. Vi er negativ til takoppbygg (ark). Det bes om ein tilbakemelding om dykk vil oppretthalde søknaden slik den ligg føre eller om dykk vil sende inn revidert søknad med nye teikningar utan takoppbygg (ark).

Til orientering, så er ein garasje med samla BRA eller BYA inntil 70m² et søknadspliktig tiltak utan ansvarsrettar, pbl. § 20-4, jf. SAK § 3-1 b).

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart gbnr 145-26

Mottakarar:

Lars-Fredrik Sæthre

Skarsvegen 291 5911

ALVERSUND